



Vedteke av
fylkestinget
14.12.23

Overordna retningslinjer for språkbruk i Vestland fylkeskommune

Overordna retningslinjer for språkbruk i Vestland fylkeskommune

Innhald

Bakgrunn	3
Språklova gjev ansvar, plikter og rettar	3
§ 1 Føremål	3
§ 3 Verkeområde	5
§ 7 Norsk teiknspråk	6
§ 9 Klart språk	6
§ 10 Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk	7
§ 11 Kommunale og fylkeskommunale språkvedtak	7
§ 14 Parallell bruk av bokmål og nynorsk hos statsorgan	7
§ 15 Bruk av bokmål og nynorsk til private rettssubjekt og enkeltkommunar	8
§ 16 Krav til skrivekompetanse	9
Fylkeskommunen som eigar	9
Fylkeskommunen som innkjøpar	10
Kontraktsmalar	10
Sektorspesifikke retningslinjer for opplæring og kompetanse	10
Eksisterande rutinar og arbeidsgruppe knytt til språkarbeid	10
Ansvar	11

Bakgrunn

Fylkestinget vedtok i mars 2022 at Vestland fylkeskommune skal lage retningslinjer for bruk av språk i fylkeskommunen. Bakgrunnen var den nye språklova og behov for å konkretisere denne. Målet er å ha klare og konkrete retningslinjer for språkbruk, som gjer det lettare for tilsette både å følgje og bruke språklova og å følgje opp språkvedtaket frå 2019.

Retningslinjene gjeld språket i tenestene til fylkeskommunen, blant anna innan opplæring, kollektivtransport, veg, næring og kultur. Dei gjeld også for fylkeskommunen som eigar/deleigar og innkjøpar, og skal setje standardar for nynorske fagomgrep og mål for språkopplæring blant tilsette.

Retningslinjene formulerer det språklege ansvaret til fylkeskommunen. Dei viser korleis fylkeskommunen oppfyller dei språklege pliktene sine, og korleis fylkeskommunen ventar og krev å få dei språklege rettane sine oppfylte.

Retningslinjene blir del av kvalitetssystemet i fylkeskommunen, som har følgjande prinsipp: «Kvalitetssystemet skal [...] medverke til å sikre at vi planlegg, organiserer og utøver våre oppgåver og aktivitetar i samsvar med dei krav som er stilt oss gjennom lover og regelverk, og eigne retningslinjer og vedtak.»

Ei tverrfagleg arbeidsgruppe med representantar frå alle avdelingane i fylkeskommunen har jobba fram retningslinjene. Gruppa har arbeidd etter eit mandat frå toppleiargruppa. Avdeling for organisasjon og økonomi ved kommunikasjonsseksjonen har leia arbeidet. Nynorskfylket Vestland har vore referansegruppe.

Vestland fylkeskommune har tidlegare laga Språkprofil for Vestland fylkeskommune (tidlegare Retningslinjer for klart språk og god nynorsk). Profilen inneheld praktiske og konkrete råd og rettleiing for korleis vi skal skrive på vegner av fylkeskommunen.

Vestland fylkeskommune er medlem av Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK).

Språklova gjev ansvar, plikter og rettar

[Språklova](#) byrja å gjelde 1. januar 2022 og erstatta den tidlegare mållova. Med språklova fekk fylkeskommunane nye plikter og rettar. Språklova fekk nokre lovendringar som tredde i kraft 1. juli 2025. Retningslinjene er oppdaterte i tråd med desse endringane. I dette avsnittet går vi gjennom dei paragrafane i lova som er mest relevante for fylkeskommunen. Lovparagrafane er først tekne inn ordrett, før vi summerer opp korleis fylkeskommunen skal forhald seg til desse.

§ 1 Føremål

Lovtekst

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Føremålet med lova er også å sikre at

- a) offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk
- b) offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3
- c) offentlege organ tek ansvar for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk

Ansaret etter andre ledd bokstav a omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har altså eit lovfesta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk. Vi har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk, fordi det er det minst bruka av dei to skriftspråka. Det er naturleg for Vestland fylkeskommune å ta dette ansvaret, som det største nynorskfylket og med eit språkvedtak om nynorsk som administrasjonsspråk.

Vestland fylkeskommune har desse overordna prinsippa for å oppfylle § 1 i språklova:

- Vestland fylkeskommune arbeider offensivt for nynorsk språkbruk. Å arbeide offensivt inneber å vente og krevje nynorsk når fylkeskommunen har rett til nynorsk etter språklova. Det betyr også at fylkeskommunen skal krevje nynorsk når vi betalar for tenester og produkt som vi skal bruke i eiga verksemd.
- Fylkeskommunen arbeider for å fremje nynorsk i opplæringsinstitusjonane sine.
- All informasjon på intranett og all ekstern kommunikasjon på nettsider, i e-post, fysiske publikasjonar, appar, pressemeldingar, kunngjeringar, annonsar, sosiale medium, på skilt og anna skal vere på nynorsk. Det gjeld både fylkesadministrasjonen og andre fylkeskommunale einingar.
- Vestland fylkeskommune lagar i utgangspunktet ikkje parallellversjonar på bokmål av allment tilgjengelege dokument, søknadsskjema eller andre sjølvbeteningsløysingar som finst på nynorsk. Søknadsskjema for private rettssubjekt kan finnast på begge skriftspråka. Dokument og skjema som blir mykje brukte av innvandrarar bør finnast på både nynorsk og bokmål, fordi mange i målgruppa har fått norskopplæring på bokmål.
- Vestland fylkeskommune opplyser i alle stillingsutlysingar at fylkeskommunen har nynorsk som administrasjonsspråk.
- Alle malar i alle sektorar og einingar i Vestland fylkeskommune skal finnast på nynorsk.
- Vestland fylkeskommune ventar og krev at offentlege og private fellesinstitusjonar for kommunesektoren tilbyr alt materiell kommunar og fylkeskommunar kan eller skal bruke, på både nynorsk og bokmål, til same tid og pris og med same funksjonalitet.
- Vestland fylkeskommune tilbyr årleg språk- og nynorskkurs for tilsette.
- Vestland fylkeskommune ventar at opplæringsmateriell som blir tilbydd tilsette er på nynorsk, også det som er laga av eksterne aktørar.
- Samisk, kvensk, romani og romanes er lite brukte språk i Vestland. Vestland fylkeskommune har difor ikkje tekstar på desse språka i kanalane sine. Vi vil likevel så langt det er praktisk mogleg svare på språket vi får førespurnadar på.

§ 3 Verkeområde

Lovtekst

Når det ikkje er fastsett noko anna, gjeld lova for

- a) staten, fylkeskommunane og kommunane
- b) andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift
- c) sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har ein eigardel som gjev meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet
- d) sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

Første punktum bokstav c og d omfattar ikkje rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

- a) kommunane
- b) sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein slik eigardel eller rett til å velje medlemmer i det øvste organet i rettssubjektet som nemnt i første ledd første punktum bokstav c og d
- c) interkommunale samarbeid etter kommunelova kapittel 18 og 19 som ikkje er eigne rettssubjekt, og som har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar
- d) Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodet og andre organ for Stortinget
- e) intern sakshandsaming

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld berre for den administrative delen av verksemda ved universiteta, dei statlege høgskulane og andre statlege skular, vidaregåande skular, domstolane, forliksråda og påtalemakta.

Departementet kan gje forskrift om at §§ 12 til 18 heilt eller delvis heller ikkje skal gjelde for organ og sjølvstendige rettssubjekt som lova elles gjeld for, og om val av skriftspråk i samband med eksamen ved universiteta, dei statlege høgskulane og andre statlege skular.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

§ 3 gjer greie for kven som er omfatta av språklova. I tillegg til staten, fylkeskommunar og kommunar, gjeld språklova blant anna òg for

- selskap som er hovudsakleg eigde av det offentlege
- stiftingar, foreiningar og liknande der det offentlege peikar ut dei fleste av dei som skal sitte i styret (det øvste organet i stiftinga, foreininga, m.m.)

Unntaket er selskap, stiftingar og andre, som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Slike er ikkje omfatta av språklova.

Vestland fylkeskommune ventar at selskapa vi eig heilt eller delvis rettar seg etter lover og reglar dei er omfatta av. Det gjeld også plikter etter språklova.

Det er viktig å merke seg at sjølv om lova gjeld fleire typar organ og aktørar, fastset lova ulike plikter for ulike aktørar. Kommunar og eksterne aktørar er ikkje omfatta av reglane i §§ 12–18. For selskap og stiftingar er den mest relevante plikta difor det som går fram av føremålsregelen, om å ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk, og då særleg nynorsk, sidan det er det minst bruka skriftspråket. Plikta i § 9 til å bruke klart språk er også viktig. Det same gjeld § 10 om plikta til å følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk.

Etter lovendringa som tredde i kraft 1. juli 2025, gjeld språklova §§ 1–11 også for intern saksbehandling. Mykje av det som går føre seg i fylkeskommunen vert rekna som intern saksbehandling. Til dømes utarbeiding av interne notat, utkast og vurderingar i ei sak før endeleg avgjerd eller vedtak vert fatta. Møtebøker og intranettet til fylkeskommunen er òg omfatta av reglane. Lovendringa betyr at § 1 om føremål, § 7 om teiknspråk, § 9 om klarspråk og § 10 om offisiell rettskriving no også gjeld intern saksbehandling og intern kommunikasjon i fylkeskommunen.

Dersom det offentlege har gitt private aktørar mynde til å gjere enkeltvedtak eller vedta forskrift, vil språklova også gjelde for dei i den samanhengen.

§ 7 Norsk teiknspråk

Lovtekst

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg.

Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Språkrådet seier at plikta til å verne norsk teiknspråk inneber at offentlege organ skal verne norsk teiknspråk mot forfølging og diskriminering, og sikre at teiknspråkbrukarar får bruke sitt eige språk utan å bli hindra eller motarbeidde av staten eller innbyggjarane.

Vestland fylkeskommune vil arbeide for at teiknspråkbrukarar har lik tilgang til fylkeskommunale tenester som andre. Undervisning på teiknspråk i den vidaregåande opplæringa er fastsett i opplæringslova § 3-9.

§ 9 Klart språk

Lovtekst

Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Ein tekst er klar når lesarane finn informasjonen dei treng, forstår det dei finn, og kan bruke det til å gjere det dei skal. Tydeleg ordlyd, struktur og visuell utforming bidreg til å gjere teksten klar. Det handlar om å ta meir omsyn til lesarane enn oss sjølve. Vi skal tenkje på kva lesarane har behov for å vite, og kva ordval som passar best for dei aktuelle målgruppene. Vi skal eventuelt forklare orda vi brukar.

Vestland fylkeskommune skal skrive så klart og presist som mogleg. Målet er at all tekst frå Vestland fylkeskommune skal bli forstått på første forsøk. Klarspråkarbeidet i

organisasjonen blir aldri ferdig og er noko som treng kontinuerleg merksemd. Vi har samla skriveråd og -reglar i Språkprofil for Vestland fylkeskommune.

§ 10 Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk

Lovtekst

Offentlege organ skal følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk.

Statsorgan skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk. Namna skal følgje offisiell rettskriving.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune følgjer den offisielle rettskrivinga i Noreg og oppmodar alle tilsette til å nytte ordbokene.no i arbeidet sitt.

Fylkeskommunen skal skrive på ein klar og presis måte, på godt nynorsk, som speglar dei ulike vestlandsdialektane. Tilsette vel sjølve om dei vil skrive a- eller e-infinitiv og vi eller me, som det er beskrive i Språkprofil for Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune støttar seg til den [administrative ordlista](#) til Språkrådet når det gjeld standardar for nynorske fagomgrep og oppmodar tilsette om å bruke denne.

§ 11 Kommunale og fylkeskommunale språkvedtak

Lovtekst

Ein kommune eller ein fylkeskommune kan sjølv vedta å krevje at statsorgan skal bruke berre bokmål eller nynorsk i all skriftleg kommunikasjon med kommunen eller fylkeskommunen, eller at kommunen eller fylkeskommunen skal vere språkleg nøytral. Ein kommune eller ein fylkeskommune skal reknast som språkleg nøytral så lenge det ikkje er gjort noko slikt vedtak.

Kommunar og fylkeskommunar skal melde frå til Språkrådet om språkvedtak etter første ledd.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Fylkestinget vedtok i desember 2019 at Vestland fylkeskommune skal ha nynorsk som administrasjonsspråk. Det betyr at fylkeskommunen

- administrerer seg sjølv på nynorsk, altså brukar nynorsk i all offentleg og ekstern kommunikasjon med omverda
- krev nynorsk i skriv frå statsorgan og andre fylkeskommunar

§ 14 Parallell bruk av bokmål og nynorsk hos statsorgan

Lovtekst

Statsorgan skal gjere skjema og andre sjølvbeteningstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig.

Dersom eit privat rettssubjekt krev at løyve og faste formular som direkte gjeld rettssubjektet, skal vere på anten bokmål eller nynorsk, skal statsorgan oppfylle kravet.

Statsorgan skal gje ut dokument som er meinte til bruk i skulen, på både bokmål og nynorsk samtidig.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune ventar og krev at statsorgan har skjema og sjølvbeteningsløysingar tilgjengelege på nynorsk. Det betyr at både fylkeskommunale einingar og verksemder, men også brukarane våre, skal kunne bruke nynorskversjonar av statlege skjema og sjølvbeteningsløysingar.

Vestland fylkeskommune har som skuleeigar ansvar etter opplæringslova for at skulen berre brukar læremiddel som er tilgjengelege på både bokmål og nynorsk, [ref. nettsidene til Utdanningsdirektoratet](#).

Fylkeskommunen ventar og krev òg at dokument frå statsorgan som er meinte til bruk i skulen, er på både bokmål og nynorsk.

Fylkeskommunen skal ha rutinar og malar for korleis fylkeskommunale einingar og verksemder set fram skriftlege krav overfor statsorgan om at dokument som er omfatta av språklova § 14 første og tredje ledd, må oppfylle reglane om bokmål og nynorsk.

§ 15 Bruk av bokmål og nynorsk til private rettssubjekt og enkeltkommunar

Lovtekst

I dokument som er retta mot eit privat rettssubjekt, skal statsorgan og fylkeskommunar bruke det norske skriftspråket som det private rettssubjektet sjølv har bruka i kommunikasjonen med organet, eller som det private rettssubjektet på annan måte har meldt frå at det ønskjer.

I dokument som er retta mot ein kommune eller ein fylkeskommune som har gjort språkvedtak etter § 11, skal statsorgan og fylkeskommunar bruke det vedtekne skriftspråket.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Eit privat rettssubjekt kan vere både ein privatperson eller ei privat verksemd. Det betyr at Vestland fylkeskommune svarer på førespurnadar frå private på det norske skriftspråket førespurnaden er skriven på. Dersom nokon melder frå at dei ønskjer kommunikasjon frå fylkeskommunen på bokmål eller nynorsk, får dei det.

For å sørgje for at Vestland fylkeskommune kan følgje § 15 første ledd, skal vi ha malar for svarbrev på både bokmål og nynorsk.

Vestland fylkeskommune skriv til kommunar og fylkeskommunar som har gjort språkvedtak etter § 11, på det vedtekne skriftspråket, jf. § 15 andre ledd.

41 av dei 43 kommunane i Vestland har nynorsk språkvedtak etter § 11, og fylkeskommunen skal difor skrive til dei på nynorsk. Det gjer vi også til dei to språknøytrale kommunane i fylket, Bergen og Askøy. Dette er ikkje eit lovkrav, men noko vi gjer fordi Vestland fylkeskommune har nynorsk som administrasjonsspråk.

[Språkvedtakforskrifta gir oversikt over språkvedtaka til alle kommunar og fylkeskommunar i landet.](#)

Når statsorgan og andre fylkeskommunar vender seg til Vestland fylkeskommune, skal dei skrive på nynorsk til oss og bruke svardokument på nynorsk, jf. språklova § 15 andre ledd.

Vestland fylkeskommune ventar og krev at statsorgan og andre fylkeskommunar oppfyller denne retten til nynorsk. Vestland fylkeskommune skal ha rutinar og malar for korleis fylkeskommunale einingar og verksemdar set fram skriftlege krav om å få dokument som er omfatta av språklova § 15 andre ledd, på nynorsk frå statsorgan og andre fylkeskommunar.

§ 16 Krav til skrivekompetanse

Lovtekst

Statsorgan og fylkeskommunar skal syte for at dei har den nødvendige skrivekompetansen for å kunne bruke bokmål og nynorsk etter lova her.

Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

Departementet kan gje forskrift om andre særlege unntak frå andre ledd første punktum.

Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune

Det er fylkeskommunen sitt ansvar å syte for at organisasjonen har den nødvendige skrivekompetansen for å kunne bruke nynorsk og bokmål etter språklova. Fylkeskommunen kan krevje at tilsette skal skrive begge skriftspråka, men regelen gjeld ikkje tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

Vestland fylkeskommune tilbyr årlege kurs for tilsette i nynorsk og klart språk. Ansvar for opplæring er eit leiaransvar.

Nytilsette i fylkeskommunen skal bli introduserte for både desse overordna språklege retningslinjene og Språkprofil for Vestland fylkeskommune.

Fylkeskommunen som eigar

Vestland fylkeskommune ventar at selskapa vi eig heilt eller delvis, rettar seg etter lover og reglar dei er omfatta av. Det gjeld også for plikter etter språklova. Heileigde fylkeskommunale selskap og selskap der fylkeskommunen har meir enn halvparten av stemmene i det øvste organet i rettssubjektet, er omfatta av delar av språklova.

Fylkeskommunen kan nytte generalforsamlingar og liknande til å minne om pliktene etter språklova. Som døme på korleis selskap og stiftingar kan følgje lovkrava, viser fylkeskommunen til dei overordna retningslinjene for språk i fylkeskommunen. Vi kan også vise til språkprofilen, og be selskapa nytte denne der det passar seg slik.

Fylkeskommunen kan i tillegg trekke fram og utdjupe pliktene etter språklova i eigarskapsmeldinga, som fylkestinget vedtek ein gong kvar valperiode. Og vi kan be selskapa leggje språkprofilen eller dei språklege retningslinjene, eller delar desse dokumenta, fram som grunnlag for saker på generalforsamlingane sine.

Fylkeskommunen som innkjøpar

Vestland fylkeskommune er ein stor innkjøpar og skal bruke innkjøpsmakta si for å fremje nynorsk.

Vestland fylkeskommune skal i møte med staten alltid poengtere kravet om nynorsk i IKT-systema som staten vedtek for kommunane og fylkeskommunane, dersom dette ikkje er tatt omsyn til.

IKT-systema Vestland fylkeskommune brukar i verksemda si og til å utføre tenestene sine med, skal vere på nynorsk. Dersom faglege argument gjer at vi må velje ei programvare utan nynorsk grensesnitt, skal vi gjere produsenten eller leverandøren merksam på at programvara manglar nynorskutgåve. Det gjeld også programvare som berre finst på engelsk, og system der det er ikkje er mogleg å ha malar på meir enn eitt skriftspråk.

Når Vestland fylkeskommune bestiller rapportar, analysar og anna frå eksterne aktørar, skal vi alltid vente og krevje å få det bestilte materialet levert på nynorsk.

Kontraktsmalar

Vestland fylkeskommune skal så langt det er mogleg bruke nynorsk i kontraktar med leverandørar og entreprenørar. I den grad vi brukar kontraktsmalar frå Norsk standard og desse ikkje finst på nynorsk, skal vi jobbe for å få Norsk standard til å også levere desse malane på nynorsk. Tilsvarende arbeid skal gjerast mot samarbeidspartar vi deler skjemaløysing med, dersom det er skjema som berre finst på bokmål.

Sektorspesifikke retningslinjer for opplæring og kompetanse

- Dei vidaregåande skulane, produksjonsskulen, folkehøgskulen og Fagskulen i Vestland nyttar nynorsk i kommunikasjon med elevar og føresette, i informasjonsmateriell, på nettsider og anna.
- Vestland fylkeskommune skal jobbe for at fleire elevar held på nynorsk som hovudmål i overgangen mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen skal generelt fremje nynorsk blant elevane, slik at det er lettast mogleg å ha nynorsk som hovudmål.
- Vestland fylkeskommune jobbar kontinuerleg med å oppfylle parallellitetskravet i opplæringslova, som seier at læremiddel skal vere på begge skriftspråka. Det same gjeld parallellitetskravet for statlege dokument som er meinte for bruk i skulen, jf. språklova § 14 tredje ledd.
- Vestland fylkeskommune skal fremje nynorsk for vaksne minoritetsspråklege, slik at det kan bli enklare å få eller velje norskopplæring på nynorsk. Når det gjeld opplæring for minoritetsspråklege vaksne, skal dei så langt det er råd få undervisning som tek omsyn til at dei nyleg har fullført den grunnleggjande norskopplæringa.

Eksisterande rutinar og arbeidsgruppe knytt til språkarbeid

- Språkprofil for Vestland fylkeskommune er eit hjelpemiddel for alle tilsette i Vestland fylkeskommune. Dokumentet tek føre seg blant anna råd for klart og godt språk, viktige skrivereglar og nokre råd og tips for ulike typar tekstar. Språkprofilen er tilgjengeleg på både intranettet og nettsida til fylkeskommunen.
- Vestland fylkeskommune har i tillegg [skrivereglar for saks- og arkivsystem](#). Dette er eit vedlegg til rutine for journalføring og fastset skrivereglar for journalføring i fylkeskommunen. Dokumentet er i tråd med Språkprofil for Vestland fylkeskommune.
- Vestland fylkeskommune har eigne [retningslinjer for utforming av politiske vedtak](#). Dokumentet tek føre seg korleis vi skal utforme forslag til politiske vedtak best mogleg, kva element som bør med i ulike typar vedtak, og korleis vedtaka bør strukturerast.
- Vestland fylkeskommune har ei eiga arbeidsgruppe med representantar frå alle avdelingane som skal sørge for at vi behandlar alle saker som gjeld stadnamn likt. I stadnamnlova § 7 heiter det at fylkeskommunen vel namn på og vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg og likande. Det kan vere skular, bruer, tunellar, haldeplassar og anna. Seksjon arkiv har det koordinerande ansvaret for gruppa.
- Etter politiske vedtak om språkbruk i fylkeskommunen vil vedtaka bli del av Språkprofil for Vestland fylkeskommune.

Ansvar

Språk er eit leiaransvar, og det er leiarane i Vestland fylkeskommune som har ansvar for at alle tilsette følgjer dei overordna språklege retningslinjene.

Vestland fylkeskommune skal ha ei tverrfagleg gruppe med representantar frå alle avdelingane. Gruppa har ansvar for å følgje opp retningslinjene og gjere dei kjende i organisasjonen, og skal revidere retningslinjene og føreslå endringar til fylkesdirektør med jamne mellomrom. Gruppa skal i tillegg jobbe med å lage eit opplæringsopplegg gjennom til dømes KS Læring og å gjere tilgjengeleg og dele språkressursar frå andre.

I Vestland fylkeskommune er det avdeling for kultur og folkehelse som i hovudsak tek hand om språkpolitiske spørsmål i organisasjonen. Det praktiske språkarbeidet kan i visse høve bli følgt opp av avdeling for organisasjon og økonomi, ved kommunikasjonsseksjonen.

Retningslinjene skal reviderast kvart andre år eller hyppigare, dersom det kjem nye lover eller forskrifter som kan verke inn på retningslinjene.

Nynorskfylket Vestland er referansegruppe når retningslinjene vert reviderte.

1. utgåve, 14.12.23: Vedtak i fylkestinget
2. utgåve, 06.01.25: Mindre justering av teksten under «Ansvar»
3. utgåve, 05.05.25: Mindre tekstendring under «Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune» på s. 4.
4. utgåve, 03.09.25: Justering av tekst under «Slik gjer vi det i Vestland fylkeskommune» for § 1 og § 3 etter endringar i språklova, som tok til å gjelde 1. juli 2025.